

Saksprotokoll i Fellesnemnda - 16.11.2018

Gunhild Berge Stang (V) sette fram slikt framlegg til uttale frå fellesnemnda:

«Skiltmynde for fylkesveg bør overførast til fylka.

Trafikksikkerheit er grunnleggande for lokalsamfunn og opptek innbyggjarane, alle FAU ved skular og lokalpolitikarar. Det er mange aktørar som har ansvar for ulike verkemiddel som er viktig for auka trafikksikkerheit. Kommunar har ansvar for kommunale vegar og fylke og stat har ansvar for kvar sine vegar, der statens vegvesen gjere forvaltninga. Fellesnemnda i Vestland er opptekne av å styrke trafikksikkerheitsarbeidet og ønskjer at fylkeskommunen skal ta ei sterkare rolle. Stortingsmelding nr 6, "oppgavemeldinga" skal behandlast i stortinget i haust. I stortingsmeldinga og i avtalen som er inngått mellom regjeringa og Krf er det lagt opp til at det opp til at dei delene av sams vegadministrasjon som omhandlar forvaltning av fylkesveg skal overførast til de nye fylka. Dette vil gje fylkeskommunane nye moglegheite til å arbeide meir systematisk på dette området. Med unntak av Oslo, har statens vegvesen skiltmynde og fastset fartsgrenser på fylkesveg. Det kan likevel sjå ut som skjønnet som vert brukt ved fastsetting av fartsgrenser vert utøvd på ulike måtar i ulike vegavdelingar. Skiltmyndigheita er viktig for å kunne gjere mindre tiltak for å auke trafikksikkerheita som å vurdere tiltak for nedsett fart, einvegskøyning, plass til sykkelfelt, skilting av sykkelfelt mot einvegskøyning osv. Regjeringa har no gjort endringar i fartsgrensekriteria, noko som opnar opp for større fleksibilitet i fastsettinga av fartsgrenser, særleg for å ta hensyn til mjuke trafikantar. Vi oppfattar dette som eit stort steg i rett retning, men meiner at dei nye fylkeskommunane må overta ansvaret for skiltmyndigheita, samt fastsetting av fartsgrenser for fylkesvegane, slik at fylkeskommunane kan ta eit større ansvar for trafikksikkerheit og tilrettelegging for gåande og syklande, i tett samarbeid med kommunane. Det er det viktig at kommunane er svært tett involvert i trafikksikkerheitsarbeidet, inkludert i arbeidet med fastsetting av fartsgrenser, fartsdempande tiltak og skilting. Venstre meiner at fylkeskommunen vil kunne ivareta dette samarbeidet på ein god måte.

Fellesnemnda i Vestland ber om at fylka overtek ansvar for regulering av fartsgrenser og fartsregulerande tiltak samt skiltmyndigheita for fylkesveg.»

Røysting

Fellesnemnda vedtok samrøystes at uttalen vert sendt.

Vedtak

Skiltmynde for fylkesveg bør overførast til fylka.

Trafikksikkerheit er grunnleggande for lokalsamfunn og opptek innbyggjarane, alle FAU ved skular og lokalpolitikarar. Det er mange aktørar som har ansvar for ulike verkemiddel som er viktig for auka trafikksikkerheit. Kommunar har ansvar for kommunale vegar og fylke og stat har ansvar for kvar sine vegar, der statens vegvesen gjere forvaltninga. Fellesnemnda i Vestland er opptekne av å styrke trafikksikkerheitsarbeidet og ønskjer at fylkeskommunen skal ta ei sterkare rolle. Stortingsmelding nr 6, "oppgavemeldinga" skal behandlast i stortinget i haust. I stortingsmeldinga og i avtalen som er inngått mellom regjeringa og Krf er det lagt opp til at det opp til at dei delene av sams vegadministrasjon som omhandlar forvaltning av fylkesveg skal overførast til de nye fylka. Dette vil gje fylkeskommunane nye moglegheite til å arbeide meir systematisk på dette området. Med unntak av Oslo, har statens vegvesen skiltmynde og fastset fartsgrenser på fylkesveg. Det kan likevel sjå ut som skjønnet som vert brukt ved fastsetting av fartsgrenser vert utøvd på ulike måtar i ulike vegavdelingar. Skiltmyndigheita er viktig for å kunne gjere mindre tiltak for å auke trafikksikkerheita som å vurdere tiltak for nedsett fart, einvegskøyning, plass til sykkelfelt, skilting av sykkelfelt mot einvegskøyning osv. Regjeringa har no gjort endringar i fartsgrensekriteria, noko som opnar opp for større fleksibilitet i fastsettinga av fartsgrenser, særleg for å ta hensyn til mjuke trafikantar. Vi oppfattar dette som eit stort steg

i rett retning, men meiner at dei nye fylkeskommunene må overta ansvaret for skiltmyndigheita, samt fastsetting av fartsgrenser for fylkesvegane, slik at fylkeskommunene kan ta eit større ansvar for trafikksikkerheit og tilrettelegging for gåande og syklande, i tett samarbeid med kommunene. Det er det viktig at kommunane er svært tett involvert i trafikksikkerheitsarbeidet, inkludert i arbeidet med fastsetting av fartsgrenser, fartsdempande tiltak og skilting. Venstre meiner at fylkeskommunen vil kunne ivareta dette samarbeidet på ein god måte.

Fellesnemnda i Vestland ber om at fylka overtek ansvar for regulering av fartsgrenser og fartsregulerande tiltak samt skiltmyndigheita for fylkesveg.